



Marin teknisk sjef i Color Line, Jan Helge Pile, har vore ein sentral person i kontraheringa av verdas største hybridferje.

Jan Helge Pile frå Uskedalen er sterkt involvert i intensjonsavtalen mellom Color Line og Ulstein verft om bygging av verdas største hybridferje. Pile er Marin teknisk sjef i Color line. Prosjektet med hybridferja ligg til Jan Helge Pile sin avdeling i Sandefjord. Ferja skal vera klar for drift sommaren 2019 på strekninga Sandefjord - Strømstad.

Jan Helge Pile har ei sterk utdanning og lang kompetanse innan shipping. Han har maritim utdanning frå sjømannsskulane og frå NTH i Trondheim. Med erfaring frå cruisereferiet RCCL både som navigatør og med teknisk ansvar for nybygg, via HSD, er Pile i dag ein sentral person i toppleinga i Color Line.

Den nye ferja vert det ein kallar Plug - inhybrid. Batteria vert lada via straumkabel med miljøvennleg straum frå eige landanlegg eller lada om bord frå skipets generatorar. Det har ei tid vore kjend at Color Line ville få på plass ei ny miljøvennleg ferje på Sandefjord/ Strømstad. Det har vore knytta spenning til kor ferja skulle byggjast, anten i utlandet eller i Noreg. No er det klart at Ulstein verft har fått oppdraget.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

Foto: Color Line - pressemelding



Color Line hybrid ferja i drift frå sommaren 2019.